

# Skulereglar for Jotunheimen vidaregåande skule

*Vedteke 30. januar 2025, revidert 10.okt 2025*

Heimel i lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova) § 5A-7.

## § 1. Føremål

Skulereglane skal vere eit grunnlag for godt samspel mellom alle i skulesamfunnet. Dei skal fremje trivsel, respekt, inkludering og medansvar. Reglane skal fremje god orden, god åtfærd og gode arbeidsvanar, og slik legge til rette for god læring. Skulereglane skal bidra til å utvikle elevane sine sosiale ferdigheiter og til å bygge positive relasjonar mellom elevane, og mellom elevar og tilsette. Skulereglane gjer elevane kjent med sine rettar og plikter. Skulereglane avgjer kva sanksjonar som kan nyttast om reglane blir brotne.

## § 2. Verkeområde

Skulereglane gjeld for alle elevar ved Jotunheimen vidaregåande skule. Skulereglane gjeld i skuletida på skuleområdet, i timar og friminutt. Skulereglane gjeld òg ved andre opplæringsformer i skulen sin regi utanfor skuleområdet og skuletida, for eksempel ekskursjonar. Om ikkje anna er avtala gjeld dei òg ved praksis i bedrift. Skulereglane gjeld også det som skjer i dei digitale systema til skulen. Også hendingar som skjer på fritida kan bli sanksjonert etter skulereglane dersom hendinga påverkar skulemiljøet til ein eller fleire elevar.

## § 3. Skuledemokrati

Jamfør privatskulelova §5A-4 skal skulen sjå til at elevane og foreldra får vere med på planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda til skulen. Skulen skal også legge til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, og oppmuntre dei til å delta i skuledemokratiet.

Skulen skal ha desse brukarorgana:

### 1) Elevråd

Elevrådet skal vere valt av elevane ved skulen. Det skal som hovudregel vere ein representant og ein vararepresentant frå kvar klasse. Elevane kan velje å organisere seg på ein annan måte. Ein representant for elevrådet har rett til å vere tilstades på møte i skulen sitt styre.

### 2) Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ for skulen. Utvalet skal ha to representantar valt av og blant elevane, to representantar valt av og blant dei føresette, og to representantar valt av og blant dei tilsette, samt styreleiar og dagleg leiar.

## § 4. Elevane sine rettar

(1) Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.

- (2) Alle elevar har rett til opplæring i samsvar med privatskolelova og gjeldande læreplanar.
- (3) Alle elevar har rett til medverknad i alle saker som gjeld seg sjølv.
- (4) Alle elevar har rett til å ta opp brot på desse rettane med skulen.
- (5) Elevane har rett til organisering, eksempelvis elevråd, jfr. privatskolelova §§ 5A-4 og §5A-5. Skulen skal legge til rette for gode arbeidstilhøve for elevane sine tillitsvalte.

## **§ 5. Elevane sine plikter**

Elevane har plikt til å rette seg etter dei lover, reglar og instruksar som gjeld. Elevane skal møte skulen sine tilsette og medelevar med omsyn og respekt. Elevane har plikt til å møte fram og aktivt vere med i opplæringa. Elevane kan bli pålagde å gjere oppgåver utanom skuletida (lekser).

## **§ 6. Orden**

Elevane skal ha god orden. Orden heng saman med om eleven er punktleg, førebudd og fylger opp arbeid. Om eleven ikkje har god orden kan dette gjere at eleven får nedsett ordenskarakter. Det er mellom anna god orden å:

- (1) Møte presis på skulen og til undervisninga.
- (2) Ha skulesakene i orden.
- (3) Ha med nødvendige læremiddel og utstyr.
- (4) Gjere arbeid ein blir pålagt til rett tid.
- (5) Rydde opp etter seg.

## **§ 7. Åtferd**

Elevane skal ha god åtferd. Åtferd heng saman med om eleven viser omsyn og respekt for andre – både medelevar, lærarar og andre tilsette. Om eleven ikkje har god åtferd i skuletida kan dette gjere at eleven får nedsett karakter i åtferd.

Det er god åtferd å vise omsyn og respekt for andre i skulemiljøet, og å delta aktivt i organisert samarbeid, lytte til andre og løyse konflikt gjennom dialog. Det er òg god åtferd å vise respekt for skulen og andre sine eigendelar, rette seg etter beskjedar frå tilsette og fylgje verne- og tryggleiksreglar som tilsette krev, eller som er påbodne av Arbeidstilsynet.

Elevane skal ikkje:

- (1) Mobbe, trakassere, stenge ute eller på andre måtar krenke andre fysisk, verbalt eller digitalt.
- (2) Røyke tobakk, bruke elektroniske sigarettar eller snuse på skulen sitt område og ved all aktivitet i skulen sin regi.
- (3) Vere påverka av, bruke, oppbevare eller selje rusmiddel på skulen sitt område.
- (4) Gjere skadeverk på gjenstandane/eigedomen til skulen, tilsette eller medelevar.
- (5) Ha med farlege gjenstandar eller våpen på skulen sitt område.
- (6) Fuske eller forsøke å fuske på prøvar eller innleveringar.
- (7) Bruke mobiltelefonar, hovudtelefonar, øyreproppar eller andre digitale einingar anna enn når læraren tillet det.
- (8) Ta opp, dele eller spreie lyd- eller bildeopptak av elevar, lærarar eller andre tilsette utan deira samtykke.

## **§ 8. Sanksjonar ved brot på skulereglane**

Sanksjonar er tiltak som kan brukast dersom elevar bryt skulereglane. Det er berre sanksjonane lista opp under som kan bli brukt. Det kan vere aktuelt med ein kombinasjon av ulike sanksjonar.

Sanksjonar utan klagerett:

- (1) Munnleg påtale frå ein tilsett ved skulen.
- (2) Kontakte heimen dersom eleven er under 18 år.
- (3) Pålegge eleven å gjere oppgåver som skal rette opp skade vedkommande har påført skulen sine eigendelar, til dømes rydde søppel, vaske golv, fjerne skribleri, tagging og liknadne.
- (3) Bortvising frå ei opplæringsøkt inntil to klokketimar, etter avgjerd gjort av faglærar som har ansvaret for den aktuelle opplæringsøkta (delegert frå dagleg leiar).
- (4) Inndraging av forbodne/farlege gjenstandar som for eksempel sigarettar, snus, alkohol, våpen eller narkotika. Gjenstandar som er ulovlege etter norsk lov blir overlatne til politiet. Om skulen inndrar tobakk, snus eller alkohol frå umyndige elevar vil dette kunne hentast av foreldra; hjå myndige elevar kan dei hente gjenstandane etter skuletid.

Sanksjonar med klagerett, som er enkeltvedtak og skal behandlast etter forvaltningslova:

- (5) Ein elev som hindrar eller forstyrrar gjennomføringa av eksamen, kan visast bort. Eleven skal fyrst ha fått ei åtvaring og ei moglegheit til å endre åtferd. Dagleg leiar avgjer om eleven skal visast bort.
- (6) Ved fleire eller grove brot på skulereglane, kan dette føre til bortvising frå undervisninga i opp til fem dagar etter vedtak gjort av dagleg leiar.
- (7) Ved særleg alvorlege brot, til dømes åtferd som i alvorleg grad går utover tryggleiken eller læringa til medelev eller medelevar, bortvising frå resten av skuleåret etter vedtak gjort av eleven sitt heimfylke.

## **§ 9. Vurdering i orden og åtferd**

Når ein elev blir vurdert i orden og åtferd skal det gjerast ei heilskapleg vurdering av eleven opp mot skulereglane over ein lengre tidsperiode. Det skal ikkje leggest avgjerande vekt på enkelthendingar med mindre dei er særleg klanderverdige eller grove. Eleven og foreldra til elevar under 18 år har rett på skriftleg varsel dersom det er fare for at eleven kan få nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller åtferd.

## **§ 10. Melding til politiet om straffbare tilhøve**

Straffbare tilhøve på skulen sitt område, eller mistanke om dette, kan bli melde til politiet. Ved mindre alvorlege tilhøve blir det vurdert om melding til politiet er hensiktsmessig.

## **§ 11. Erstatningsansvar**

Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigedom kan eleven og/eller foreldre bli erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell. Eleven kan få tilbod om å utbetre skadane sjølv dersom det er føremålstenleg.

## **§ 12. Fråvær**

Eleven skal melde fråvær på førehand i skulen sitt fråværsystem. Eleven skal også legge fram gyldig dokumentasjon snarast dersom fråværet gjeld § 6-8 bokstav a-i i Privatskoleforskrifta.

Eleven har sjølv ansvar for å sjekke fråvær som er registrert i skulen sitt fråværsystem. Dersom eleven meiner fråvær er ført feil kan dette klagast på innan tre veker frå fråværsdato.

Det blir elles synt til § 6-7 i privatskoleforskrifta om varsling dersom karakter kan falle bort eller bli sett ned, samt § 6-8 når det gjeld fråværsgrænse.

## **§ 13. Saksbehandling**

Skulen skal fylge dei generelle saksbehandlingsreglane i privatskolelova, og i tillegg forvaltningslova der dette er aktuelt ut frå privatskulelova.

Skulen informerer som hovudregel foreldre til elevar under 18 år om hendingar og sanksjonar. Skulen skal skriftleg gjere greie for dei sanksjonar eller tiltak dei set i verk.

Før det blir tatt avgjerd om sanksjon ved brot på skulereglane, skal eleven ha moglegheit til å forklare seg munnleg. Saka skal vere så godt opplyst som mogleg og ein skal alltid vurdere om mildast mogleg sanksjonar kan vere tilstrekkelege. Eleven sitt beste skal dokumenterast.

## **§ 14. Klageadgang**

Der det følgjer av privatskulelova at avgjerd er enkeltvedtak, gjeld forvaltningslova og Statsforvaltaren i Innlandet er klageinstans. Det følgjer av forvaltningslova § 32 at klaga blir sett fram for skulen, som har gjort vedtaket, og dersom skulen held fast på vedtaket sitt sender skulen klaga til Statsforvaltaren.

Standpunktarakterar, eksamenskarakterar og sanksjonar som er gjort i form av enkeltvedtak kan klagast på. Ei klage skal vere skriftleg og bør vere grunngjeve. Klaga må også nemne endringa som er ynskt i vedtaket. Klaga skal sendast til den instansen som gjorde vedtaket. Klagefristen er til vanleg tre veker etter mottak.